



Haldor Nordland
Haugvegen 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4379 - 23/26617

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
11.04.2023

Mellombels bruksløyve - gbnr 188/258 Gjervik ytre

Administrativt vedtak:
Saknr: 371/23
Tiltakshavar: Haldor Nordland
Ansvarleg søkjar:
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for fasadeendring og endring av planløyving på gbnr 188/258// på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket:** fasadeendring og endring av planløyving
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.08.2024.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 27.05.2022.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. utviding av balkong
2. etablering av terrasse/balkong og karnapp

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: fasadeendring og endring av planløyving.

Ansvarleg sækjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.08.2024

Det vert elles vist til søknad mottteken 01.04.2023 og supplert 03.04.2023.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, slik det er søkt om.

Skildring

Adresse:	Haugvegen 1
Bygningstiltak:	Samanføring av bueining og fasadeendring
Bygningsnummer:	176255633
Bruksareal:	0
Avløp:	uendra
Vatn:	uendra
Tal på røykløp:	uendra

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4379

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Haldor Nordland
Jens H N Bjordal

Haugvegen 1 5914
Grønlandsvege 5918
n 11

ISDALSTØ
FREKHAUG